

Periodiske emnerapportar – FRA2503-4516 vår 2011

FRA2503

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av elleve emnepåmelde studentar tok ni eksamen. To fekk karakteren B, fire karakteren C, to karakteren D, og ein er meld for fusk (heile eksamenssvaret var avskrift frå nettet). Eksamensresultatet vitnar om solid arbeidsinnsats frå studentane si side, men dei to dårlegaste eksamenssvara ber preg av sviktande språkkunnskapar. Tilfellet av fusk er det grovaste eg hittil har opplevd.
Tre studentar har levert elektronisk evaluering. Sjølv om det er få i høve til talet på påmelde studentar og dei som tok eksamen, vel eg sjå på svara som dekkjande for synet til dei som tok emnet. Det vil seie at trass i litt sprikande svar er studentane i det store og heile nøgde med det dei har fått ut av emnet.
- 3 Tilbodet om dokumentarfilmar i tilknytning til emnet har studentane tydeleg sett pris på. Dei fleste filmane samla tre-fire studentar på dette nivået.
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Det er viktig å halde fram med å dele ut tilleggsstoff som kronologiar, primærtekstar i form av dokument og andre tekstar av av ulike slag.

FRA4516

- 1 Det har ikkje vore avvik frå emneplanen.
- 2 Av to emnepåmelde studentar tok begge to eksamen. Ein student fekk karakteren B, og ein fekk karakteren C. Desse to studentane (den eine fjernstudent) har vist ein sterk motivasjon og lagt ned ein solid arbeidsinnsats.
Den eine studenten som har levert elektronisk evaluering, gir uttrykk for å ha fått godt utbytte av både undervisning, lesing av pensumlitteratur og skrivning av eksamensoppgåva.
- 3 Den eine masterstudenten som følgde undervisninga, såg òg dei fleste dokumentarfilmane som vart viste i tilknytning til emnet, og gav uttrykk for at det er eit nyttig supplement til undervisninga.
- 4 Ingen særskild kommentar.
- 5 Ingen særskild kommentar.
- 6 Jf. FRA2503